



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 08.09.2022

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Nettmøte

Til stades:

|                     |  |
|---------------------|--|
| Eidfjord kommune:   | Ordfører Anders Vatle                                      |
| Kvam herad:         | Ordfører Torgeir Næss                                      |
| Ullensvang kommune: | Ordfører Roald Aga Haug -rådsordfører                      |
| Ulvik herad:        | Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen                          |
| Administrasjonen:   | Dagleg leiar Jostein Eitheim og konsulent Trude L. Rinaldo |
| Rådmannsforum:      | Ole-Jørgen Jondahl - leiar                                 |

Forfall:

#### Agenda:

|               |  |
|---------------|--|
| 09.00 - 10.00 | Sakshandsaming   |
| 10.00 - 10.30 | Orientering: Fjernarbeidsplassar v/Kåre Hansen, Forskningsleiar Arbeidsliv og innovasjon NORCE |
| 10.30 - 12.00 | Sakshandsaming   |

#### Innkalling og sakliste vart godkjent.

#### Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

#### Orienteringar:

##### Fjernarbeidsplassar v/Kåre Hansen Forskningsleiar Arbeidsliv og innovasjon, NORCE

Fjernjobbing - dei forskar på kva det har hatt å sei og kva det kan ha å sei for distriktskommunar. Forprosjekt er gjennomført med Voss og Kvam. Og no ønskjer dei å utvida hovudprosjektet til å gjelda heile Hardanger og Voss. Presentasjon er vedlagt til møteboka.

Bustad er ei generell utfordring for tilflytting. Både kjøp/bygging eller leigebustader er stor mangelvare. Her er viktig å sjå på Hardanger og Voss som "ein bu og arbeidsmarknad".

#### Frå drøftinga:

Hardangerrådet er positive til at dette vert eit regionalt rekrutteringsprosjekt for Hardanger og Voss, med målsetjing om at det vert eit effektivt vertøy.

Oppfordrar også rådmenn til å sjå på prosjektet. Denne saka vil rådet ha opp i neste rådsmøte 21.10, som er felles med Rådmannsforum

#### Saker til handsaming:

**HR-sak 25/22 Meldingar**

#### Vedtak:

Meldinga vert teken til vitande.

**HR-sak 26/22 Støtteuttale frå Hardangerrådet vedr. bekymring og krav om stopp i brislingfisket i indre deler av Hardangerfjorden.**

**Vedtak:**

Hardangerrådet er bekymra for tilstanden til sjøaure, torskefisk og andre sårbare artar i fjordsystemet, og me ber Nærings- og fiskeridepartementet ved Fiskeri- og havminister Bjørnar Selnes Skjæran om å vurderer freding av brisling i Indre Hardangerfjorden for ein periode. Forvaltninga skal vere berekraftig for heile økosystemet.

Kinsarvik, 8. september 2022

Med helsing

Hardangerrådet

Roald Aga Haug  
rådsordførar

Jostein Eitrheim  
dagleg leiar

**HR-sak 27/22 Norsk Hydrogensymposium 2022  
Søknad om støtte**

**Vedtak:**

Hardangerrådet støttar Norsk Hydrogensymposium med kr 25.000,- Beløpet vert løyvd frå restmidlar Regionalt næringsfond.

**HR-sak 28/22 Møteplan 2023 for Hardangerrådet**

**Vedtak:**

Hardangerrådet vedtek slik møteplan for 2023:

**Møteplan 2023**

| 2022                                    | Jan.                   | Feb.                         | Mars                                  | April                   | Mai | Juni                  | Sept                         | Okt.                       | Nov.  | Des.                   |
|---|------------------------|------------------------------|---------------------------------------|-------------------------|-----|-----------------------|------------------------------|----------------------------|---|------------------------|
| Re gionrådet<br>Representant-<br>skapet | Torsdag<br>19.<br>Kvam |                              | Torsdag<br>30.<br>Eidfjord<br>Årsmøte | Torsdag<br>27.<br>Ulvik |     | Torsdag<br>8.<br>Kvam | Torsdag<br>28.<br>Ullensvang | Torsdag<br>26.<br>Eidfjord |   | Torsdag<br>14.<br>Kvam |
| Hardanger-<br>konferansen               |                        |                              |                                       |                         |     |                       |                              |                            | Ons-Tors<br>8.-9.<br>Ulvik<br>Hardanger-<br>konferansen |                        |
| Hardingtinget                           |                        | Torsdag<br>16.<br>Ullensvang |                                       |                         |     |                       |                              |                            |   |                        |

**HR-sak 29/22 Prosjektplan for nytt rekrutterings- tilflyttingsprosjekt for Hardanger**  
Prosjektplan vert lagt fram i møtet.  
Dagleg leiar prestnerte prosjektplan for rekrutteringsprosjekt

**Vedtak:**

Hardangerrådet sender saka vidare til Team Hardanger og rådmannsforum for utarbeiding.

**HR-sak 30/22 Orientering om viktige saker i kvar kommune til oppfølging i Hardangerrådet.**  
**Orientering ved kvar ordførar**

Saka er utsett til neste møte

**HR-sak 31/22 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet**

● **Rein Hardangerfjord 14. - 16. september**

- veldig stor pressedecking - også internasjonal presse vil dekke ryddeaksjonen
- håpar på stor påmelding frå skular/friville lag og organisasjonar/næringslivet
- oppfordrar kvar kommune til å ta avskjekk med eigen kommunekoordinator
- dette fyrste år av fem, så evaluering vert viktig
- stort forskingsprosjekt
- inviterar alle til å ta tuen til Rosendal.

● **MOR-konferansen og møte med Ryfylke IKS, Strand VGS, Tau 21. - 23. september**

- desentralisert utdanning i Ryfylke, og ønskjer å invitera Hardanger inn i dette arbeidet. Rådorsførar m/adm er invitert til møte med Ryfylke og MOR (motivasjon/opplæring /rekruttering) konferanse dei påfølgande dagane.

● **Møte i Bergen med Hordalandsbenken 17. oktober 2022**

- Kan verta fellesmøte med Sognebenken og Sogn Regionråd
- Kven skal me invitera med oss: Ny statsforvaltar og Fylkesordførar  
Forslag til tema: ber ordførarane om å senda inn forslag
  - Inntekstutjevningssutvalget: reduserte inntekter parallelt med fokus på ekstra kraft endring av samfunnskontrakt. Det er også mange andre endringar som vil få store konsekvensar for kommunane. Til dømes PU fordeling
  - Planprosessar knytt til å få det grønne skiftet
  - Ras/flodbølge problematikk, og andre hindringar for utvikling, styrt av andre
  - Tingrett
  - Kompensasjonsordning
  - Straum
  - Endring skredfaktormodell med ny ÅDT vekting

● **Regionrådsmøte 21. oktober Fellesmøte med rådmenn**

Fellesmøte i Ullensvang kommune (kommunestyresalen):

- Husbanken
- Felles forvaltningsplan av Hardangerfjorden

-

- **Hardangerkonferansen 2022 9. - 10. november**

- **Prosjekt Nasjonalt Frukt- og sidersenter**

- Hardangerrådet arrangerer studietur med Erasmusmidlar til Herefordshire 5.-9.10. Mål å etablere eit senter på Lofthus ved NIBIO og Prestegarden.

- **Pågåande internasjonale prosjekt der Hardangerrådet er deltakar**

- Hadde besøk 7.-10.6.2022 i prosjektet Strid4Stride
- Nytt besøk til Hardanger i forbindelse med prosjektet Siderkultur, som er kobla på Siderfestivalen i Øystese denne hausten.

- **Tingretten**

Lokalt tilsette ønskjer å møte ulike parti på stortinget saman med rådsordførar/orførar i Ullensvang kommune.

- **Inntektsutjevningsutvalet**

Tek dette opp som viktigaste sa i møte med Hordalandsbenken. Alle har og bør ha dette på agendaen no. Bør me skriva ein uttale frå Hardangerrådet saman med Sogn regionrådet

- **Bekymring: Bompengnivå på lokale fylkesveggar/ "Distriktsskatt"**

Må få rettferdige satsar, slik at folk fortsatt kan bu i kommunane våre. Den totale bompengelasningen må også inn i vurderingar.

- **Rassikring og vegutbetring**

Det er foruroligande at SVV vil endra skredfaktormodell.

Møteboka godkjent 8. september 2022

Roald Aga Haug  
Rådsordførar